

Bergen, 16. september 2024

Høyringsuttale til Utviklingsplan for Vestland 2024-2028

Vi syner til utkast til Utviklingsplan for Vestland 2024-2028, som har vore lagt ut til høyring.

Næringsalliansen Vestland gir følgjande uttale:

Det vert foreslått at det skal utarbeidast to «nye, breie regionale planar».

Næringsalliansen Vestland vil streke under at planane må fastsetje rammer på eit overordna nivå og at ein ikkje nyttar detaljerte retningslinjer og føresegner. Planane må innehalde tilstrekkeleg fleksibilitet slik at dei i praksis legg til rette for utviklinga som er formålet med regional planstrategi. Tilhøve endrar seg over tid – til dømes næringsstruktur og transportmønster – og planane må vareta dette.

Dei regionale planane må ikkje har føresegner og retningslinjer som er ivaretakne i kommunale eller statlege planar, til dømes statlege planretningslinjer for differensiert forvalting av strandsona.

I praksis er det fleire omsyn og tema som er nemnt i planforslaget som vil avgrense utvikling. Det er avgjerande at også vekst i folketal, jobbar og verdiskaping er eit viktig planomsyn.

Det må leggjast til rette for framtidig arealformål, ikkje minst av omsyn til næringslivets behov. For å lukkast med det grøne skiftet, er det svært viktig at det finst tilgjengeleg næringsareal der det også finst kraft og kompetanse.

Det er difor problematisk når planutkastet slår fast at «arealverdiane (må) ligge til grunn for planlegginga av ny infrastruktur, større bustadområde og arealkrevjande industri- og næringsverksemd.» Dette kan tolkast i ei retning som vil vere konkurransevridande – med andre regionar og mellom eksisterande og nye verksemder.

Vi vil her gjere særskilt merksam på ei sentral føring, slik det framgår av den vedtekne *Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033*:
«Inkludere næringsaktørar og bedrifter i planlegging av areal til næringsutvikling.»

Det vert foreslått å styrke merksemda på gjennomgåande plantema. Næringsalliansen Vestland meiner følgjande også må vere gjennomgåande plantema:

1. Tilstrekkeleg areal til næringsutvikling
2. Arbeidsplassar og vekst
3. Grøn omstilling
4. Mobilitet
5. Bruk av kunstig intelligens for måloppnåing

Beste helsing



Espen Børhaug
Næringsalliansen Vestland

918 45 600
espen@bergen-chamber.no

Næringsalliansen Vestland blei stifta i 2008. Alliansen er eit nettverk samansett av 17 næringsforeiningar i Vestland. Saman representerer dei meir enn 3000 bedrifter og 150.000 arbeidsplassar og er ein viktig aktør når det gjeld næringsutvikling i heile fylket.